

Intervju med Arne Sunde fra Firda Folkeblad på 90-årsdagen hans.

Vi er skapt for å arbeide – ikkje for å sitte på stas

Meiner Arne Sunde som fyller 90 år, Bygningsmann, forretningsmann, takstmann, men framfor alt interessert i jord og dyrking.

- Eg har i grunnen funne meg godt til rette kvar eg har vore, og om lag alltid har eg hatt lukka med meg slik at eg aldri har hatt grunn til å klage over utkoma. Men Vår Herre skal vite at det ofte har vore vanskeleg, og eg har just ikkje kome til det med hendene i fanget. Arbeid har vore det vissaste, og for min del må eg seie at eg ikkje har hatt vondt av hardt kroppsleg arbeid. Vi er vel i grunnen skapt for å arbeide og ikkje for å sitte på stas.



Det er Arne Sunde som uttrykker seg slik då vi her om kvelden sat heime i stova hans og hadde ein hyggeleg prat. No er det slik at ein kar som Sunde kunne ein for så vidt intervjuet kvar tid som helst, fordi ein alltid ville få noko nytt og interessant å skrive om, men til no har han helst vore uvillig når det gjaldt omtale av eigen person, og det han har måtte gjort eller vore med på. Denne gongen hadde han gode grunnar for å avvike frå regelen, tirsdag 7. mai fyller han nemleg 90 år.

Arne Sunde er fødd på Sunde på Askrova, og der vaks han også opp med arbeid på garden. Det var ein etter måten stor gard som fødde 18 beidt, 2 hestar og ein del sauer. Vi undrast over at dei verkeleg hade to hestar. Det kom av, fortalde Sunde, at dei om vintrane køyrde mold frå utmarka til påfylling av knauser og grunn mark heime på bøen. Med to hestar og tre sleder gjekk arbeidet fint unna., og vi vann inn mykje god slåttemark ved denne operasjonen.

Men han kunne ikkje leve av å køyre mold og arbeide på garden elles, så 17 år gamal strauk han til Amerika. Dette var i 1901, og dårlege tider "over there". Som den fornuftige kar han var visste han at den sikraste levemåten var ute på farmane, så dette livet freista han i 5 år. Dei som trudde dei skulle komme snart til pengane i "nyelandet" i vesten vart skuffa, i alle fall dei fleste.

Ettter Amerika-opphaldet tok han seg jobb som tømmermann ved Svanøy gruver, der han m.a. bygde opp vasketårnet for svovelkisen. Tårnet skulle koste 350 000 kroner, men ferdig kom det på ein halv million – så det var overskridingar i dei dagar også, legg han til.

I 1913 etablerte Sunde seg som kolonialkjøpmann i Florø. Han hadde teke over forretninga etter svogeren – Kristian Jeppesen i Rådhuset. Men krigsåra var ikkje dei beste til å drive forretning i, det var så knapt med varer at det var berre å slutte av. Så skifte det utover med bygningsarbeid og sildesalting. Eit år salta han sil i Nordland og gjorde det godt. Men ymse ting gjorde at dei miste alt. Av kjende hus som Sunde bygde i byen kan nemnast Ekeberg-huset som G.Dyvik i dag eig. Fjordane politikammer var siste bygget han reiste før gardsarbeidet på Askrova tok det meste av hans innsats.

Arne Sunde hadde tenkt seg å ta over farsgarden, men slik gjekk det ikkje. Om det var rett eller gale kan være usagt, i alle fall gjekk det slik at han seinare fekk eit større utmarksområde av farsgarden i Vallestadvågen (Nesholt). Heradsagronomen målte vidda til 76 mål. Av desse dyrka han opp 20 mål, og i 70 års-alderen bygde han opp nytt våningshus, sauehus og naust. Det er berre to år sidan han slakta siste sauene, så gardsdrifta har interessert han mykje. No er det borna som har fått eigedomen, og vil vel i stor grad nytte den som ferie og utfartsstad. Men, seier Arne Sunde, jammen kan det kome tider att då det kan kome vel med ein jordveg.

- Du har vore gardbruker på Askrova minst ein mannsalder, men offisielt har du budd i eige hus i Florø sia 1927, i dag kan du med rette stå fram som ein av pionerane for pendlarane. Korleis har du tilpassa deg dette livet?

- Eg vil nok tru eg har levd eit mykje sunnare og betre liv enn dagens pendlarar. For det første har eg hatt eit friskt minne og godt arbeid, dessutan har eg ikkje reist att og fram kvar einaste dag. Vi budde i lange bolkar på Askrova, og når eg hadde presserande arbeid i byen reiste eg inn. For min eigen del vil eg seie det var ein god og lukkeleg kombinasjon, og eg vil tru både kona og borna fann seg godt til rette. Her bryt dottera Liv Waage og strekar under dei mange gode minne frå Sunde og Askrova i det heile, om herlege uforgløyemelege sommardagar med sysken og andre leikekameratar. Det vart knytte band som varer den dag i dag.

Som bygningskyndig har Arne Sunde vore mykje nytta som takstmann, først og fremst for brannkassen. Utaom takster her i distriktet og i Bergen var han i tre år etter 1945 Krigsskadetrygden sin takstmann i Nord-Norge, mest i Finnmark. Det var to mann som takserte den bombeherja Hammerfest, 832 bygninger vart raserte, berre likhuset stod att. Det var fint å få oppleve natur og folkeliv der nordpå, men det var for mykje sløsing i samband med gjenreisingsarbeidet, meiner Sunde.

Ellers var Sunde mellom anna brannsjef i Florø i 7 – 8 år i 20-åra. Dei hadde eit par store brannar i denne tida, nemleg brannen i rådhuset og eit forretningsbygg ved Fylkeskaien. Det var ei uversnatt i 1922 at det braut ut brann i rådhuset, truleg lynnedslag i telegrafan. Taket og treverket i andre og tredje etasje vart øydelagt, og ellers var det mykje vass-skade. Huset vart før brannen verdsett til 195 000 kroner, branntaksten lydde på 137 000 kroner, det fortel litt om omfanget til brannen. Etter oppbygginga har rådhuset det utvendige skap det har i dag. Det vart nemleg laga til eit par familiebusstader i øvste etasje ved oppbygginga av brannen. Brannvernet var godt utbygd, og i 1924 fekk brannstellet ei motorsprøte. Dette førde til at brannpremien kunne settast ned med 20 prosent.

- Du er framleis i bra form?

- Ja eg har vore velsigna med god helse og eg kjenner meg framleis i god form. Men beina er skrøpelege, dei vil ikkje lenger bere meg slik som før, litt tunghøyrt er eg også blitt med åra, men ein stad må ein vel merke alderen? Undast han.

Alvorleg sjuk har eg ikkje vore sia spanskesyka i 1918, men den heldt på å tabben på meg, som

mange andre det året. Eg hugsar godt at distriktslege Skridshol skreiv ut resept på ½ flaske konjakk som eg skulle ta nokre drammar av kvar dag, men konjakken måtte vera varm. Det siste gjorde at ved første forsøk spytta eg ut heile greia – eg klarte det ikkje. Han var ikkje nådig – gamle Skridshol – når han kom innom og fekk greie på at eg ikkje hadde teke konjakken regelmessig.

- Ja, så får du bere daue då, var hans kommentar. Etter slikt alvorlig trugsmål var det berre å ta medisinen.

- og den hjelpte?

- Eg overlevde i alle fall!

Arne Sunde var gift med Nilla, født Jeppesen. Ho døyde i 1959, 76 år gamal, berre nokre månadar før dei kunne ha feira gullbryllup. Saman hadde dei 6 born, 4 gutar og to jenter. 3 søner og ei dotter bur i Florø, den andre dottera bur i Bergen, og fjerde sonen i Kristiansand (Fylkestrafikksjef Arne Sunde jr.).

Og tirsdag blir det så stor familiefest der 90-åringen er det sjølvsgate midtpunkt.

Lukke til med den dagen og med dagar som kjem.

Red: Vet ikke hvem som intervjuet han, det går ikke fram fra utklippet. Det er gjort direkte avskrift fra artikkelen.